

**Fra:** Ingrid Kristine Holm Svendsen (Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@vlfk.no)

**Sendt:** 18.03.2020 18:42:20

**Til:** Roald Breistein

**Kopi:** Hogne Haktorson; Rune Haugsdal

**Emne:** Status rekruttering av nytt personvernombod

**Vedlegg:**

Hei,

Viser til samtalen vår i går.

Janne Damba, som er jurist i staben i avdeling for opplæring og kompetanse, tek mellombels over funksjonen som personvernombod i Vestland medan vi arbeider med å rekruttere eit nytt personvernombod på permanent basis. Datatilsynet har fått melding om dette. Damba har arbeidd med personvernspørsmål i avdelinga for opplæring og kompetanse og er tett på dei prosessane som går føre seg knytt til oppfølginga av den nye forordninga rundt GDPR.

Stillinga som personvernombod er organisatorisk lagt til seksjon for juridiske tenester i avdeling for organisasjon og økonomi. Stillinga var lyst ut med søknadsfrist 15. mars og det vert no arbeidd med gjennomgang av søknadar.

Som fylkesrådmannen gjorde greie for i tidlegare notat til Kontrollutvalet, er funksjonane som personvernombod og personvernrådgiar no skilt frå kvarandre. Dette for å unngå uheldig rolleblanding. Stillinga som personvernrådgiar er organisatorisk lagt til eininga for HMS og kvalitetsstyring i HR-seksjonen i avdeling for organisasjon og økonomi. Stillinga ligg klar for utlysing, men prosessen har diverre stoppa litt opp som følge av kapasitetsutfordringar i seksjonen. Vi tek sikte på å få lyst ut denne snarast.

Håper dette var klargjerande. Vi ser fram til å gjere greie for status og det vidare arbeidet rundt personvern i møtet med Kontrollutvalet 8. juni.

Beste helsing

**Ingrid Holm Svendsen**

Fylkesdirektør organisasjon og økonomi



Tlf: 907 34 144

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)